



Arbeidsmøte for Formannskapet Helse og omsorg


LINN THERESE FJELLRO

03.06.26

TERJE LANGELAND



Kommunebarometer 2026 (2025-tal)





Grunnskole



#123



Pleie og omsorg



#16



Barnehage



#28





Helse



#83




Sosialtjenesten



#174



Samanlikning gjennom- snittskommunar



FIGUR 1: Radardiagrammet viser hvordan Kvam skårer i forhold til landsgjennomsnittet innenfor hver sektor. Grått område definerer gjennomsnittskommunen (1,0).

Status innsparingsprogram Helse og omsorg



Nokre av dei teoretiske innsparingstiltaka, og tiltak som er teke i bruk i andre kommunar, har vist seg å ikkje lukkast i Kvam.

Helse og omsorg har ei utfordring med 12 tenestestader med turnus (strukturen vår).

Innføring av sjukepleiarteam, hus og hytte ordningar som har effekt i andre kommunar, er ikkje i tråd med den strukturen Helse og omsorg har i dag.

Team eller tilsette som skal hjelpa til ved fråvær brukar for lang tid å komme seg frå sin ordinære arbeidsplass (hus) til den tenestestaden som treng hjelp (hytta) for å få effekt.

Organisasjonen har fram til no, for liten endringskompetanse til at ein har kunne nytta nok tilsette på ulike avdelingar. Det er utfordrande for arbeidsgjevar å motivera tilsette til å arbeida på fleire tenestestader.

Tidlegare turnusarbeid har vore desentralisert, og det har vore lagt stor vekt på å tilpassa turnusar etter ynskje frå dei tilsette. KS og TØRN prosjektet som Kvam har delteke i er tydeleg på at kommunane må ha fokus på tenestestyrte turnus

Nytt turnussystem er teke i bruk, som er programmert til å leggja meir vekt på helsefremjande og tenestestyrte turnusar

På bakgrunn av at noverande turnus ikkje har teke høgd for nedbemanning, må denne seiast opp og ny lagast. For å kunne få noko effekt i 2026, er det laga eit stramt tidsskjema med ny turnus frå midten av september til mars (26 veker).



Rådmannen tok initiativ til å reforhandla rammeavtalen med fagforeiningane, med mål om å få auka talet på planlagte helgevakter. Det lukkast me ikkje med, og det lukkast heller ikkje i dei sentrale forhandlingane til KS. Som del av det sentrale meklingsresultatet, er det avtala eit vidare arbeid på dette, men rådmannen har sett seg nøydd til å laga ny turnus med redusert bemanning, men med same rammeavtale.

Fagforbundet ynskte at arbeidsgjevar gjennomførte ei kartlegging av kor mange tilsette som var villige til å arbeida fleire helgetimar i denne 26 vekers perioden.



Gjennomgangen av grunnbemanninga/bemanningsplanar har skjedd ved alle 12 tenestestadane der tilsette jobbar turnus.

Gjennomgangen syner at Helse og omsorg kan ta ned grunnbemanninga med 12,4 årsvek.

Gjennomsnittlig kostnad pr. årsverk i Helse og omsorg er 1 mnok.

Når ein tek ned grunnbemanninga, medfører det til færre tilsette å fordela helgetimane på.

Innsparing på grunnbemanning kan såleis føra til meir bruk av vikarar og overtid for å få dekke helgetimane i turnus.

Dette vil og føre til ei dårlegare fagleg dekning av kvalifisert helsepersonell på avdelingane i helgene.



Oversikt etter lagt inn frivillig ekstra helger

Avdeling	Vekedag	Helg
Nattenesta	2 stk. flytta frå vekedag til helg	2 stk. flytta frå vekedag til helg
Øysteseheimen	Ein plm flytta frå vekedag til ei helg+ fleire langvakter	Ein plm flytta frå vekedag til ei helg+ fleire langvakter
<u>Mikkjelsflaten</u>	Tre stk. flytta frå vekedag til helg	Tre stk. flytta frå vekedag til helg
Toloheimen langtid	Ti stk. flytta frå vekedag til helg	Ti stk. flytta frå vekedag til helg
Tolo omsorg	Fire stk. flytt frå vekedag til helg	Fire stk. flytt frå vekedag til helg
KRB	Ein tilsett flytt frå vekedag til helg	Ein tilsett flytt frå vekedag til helg
Strandebarm	Ein stk. flytta frå vekedag til helg	Ein stk. flytta frå vekedag til helg
Kalhagen	3 stk. flytt frå vekedag til helg	3 stk. flytt frå vekedag til helg
Heimetenesta	2 stk. flytt frå vekedag til helg	2 stk. flytt frå vekedag til helg
MMU Øystese	13 stk. flytta frå vekedag til helg	13 stk. flytta frå vekedag til helg

Endeleg oversikt etter vaktmønstre er kome inn

- Underbemanning vert skrive med – teikn framfor.

Avdeling	Over/underbemanning vekedag	Over/underbemanning helg
Nattenesta	-4 vakter (0,04 årsverk)	-77 vakter (0,84 årsverk)
Øysteseheimen	103 vakter (0,84 årsverk)	-58 vakter (0,61 årsverk)
<u>Mikkjelsflaten</u>	63 vakter (0,51 årsverk)	-72 vakter (0,7 årsverk)
Toloheimen langtid	-152 vakter (1,15 årsverk)	-30 vakter (0,03 årsverk)
Tolo omsorg	128 vakter (1,04 årsverk)	-8 vakter (0,08 årsverk)
KRB	13 vakter (0,11 årsverk)	-112 vakter (0,91 årsverk)
Strandebarm	-73 vakter (0,6 årsverk)	-88 vakter (0,86 årsverk)
Kalhagen	-92 vakter (0,75 årsverk)	-137 vakter (1,19 årsverk)
Heimetenesta	-100 vakter (1,84 årsverk)	-200 vakter (1,08 årsverk)
MMU Øystese	-150 vakter (1,22 årsverk)	-74 vakter (0,64 årsverk)

Vegen vidare for helse og omsorg

Kostnader knytt til vikarbruk i helse og omsorg har vore høgt over fleire år.

Dersom Helse og omsorg skal nå innsparingstiltaka må desse utgiftene reduserast.

Me må difor sjå på strengare retningslinjer for kor tid fråvær av tilsette kan bli dekkja av vikar. Det er ulikt frå tenestestad til tenestestad kor denne grensa går, og kva oppgåver som må/kan utsettast/omprioriterast.

Dette vil føra til eit auka arbeidspress og prioriteringsarbeid for dei tilsette som er på jobb. Effekt av dette innsparingstiltaket er svært vanskeleg å talfeste på det noverande tidspunktet.



Det vil vera særst utfordrande å ta ned grunnbemanninga på dei 12 tenestestadane ytterlegare enn 12.4 årsverk.

Helse og omsorg må sjå på struktur og tenestetilbod for å nå innsparingstiltaka som er vedtatt.

Helse og omsorg har lagt fram eit utbyggingsbehov for å kunne ta ned tenestetilbodet(dekningsgrad på 13% for heildøgns omsorg for personar over 80 år).

For å nå innsparingstiltaka ser det no ut til at denne dekningsgraden må innførast utan nybygg, men med nedlegging av fleire heildøgns omsorgsplassar utan stordriftsfordelar.

Strukturendringar bør vurderast om ein skal nå vedtekne innsparingar

Helse og omsorg må såleis gjera ei ny vurdering av heildøgns omsorgsplassar og kortidsplassar. Dette vil føra til eit ytterlegare press på heimetenestene, som igjen kan føra til at Kvam herad ikkje vil kunna ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus innan fristen for dagbøter. Samstundes vil det ikkje vera mogleg å ta ned bemanninga med å redusera 1-2 plassar, men det må truleg vera fleire plassar for å få effekt. Rådmannen vil vurdering ytterlegare reduksjon i tilbodet av omsorgsbustader i budsjettframlegget for 2027.



